



FORUM FOR OPPVEKST I
SUNNHORDLAND

ÅRSMELDING

2023- 2024



*Leiar konferansen 2024
Foto: FOS*



1. INNLEIING

Skule- og barnehageåret 2023-2024 starta med at styringsgruppa kunne ønskja to nye medlem velkomne. André Sæthre kom inn som ny etatssjef for oppvekst i Fitjar og Heidi Anita Solheim tok over som oppvekstsjef i Kvinnherad.

Styringsgruppa, Grunnskulegruppa, Barnehagegruppa, Vaksenopplæringsgruppa, Kulturskulegruppa og PPT- gruppa har hatt stabil og god aktivitet dette skule-/barnehageåret. Vidare har fleire nye nettverk og kurs vorte avvikla, mellom anna nettverk for inkluderande praksis i samarbeid med RVTS-Vest og kurs i skriftleg vurdering av tekstar for faglærarar i engelsk og norsk. Styringsgruppa har arbeidd fram ny strategi for arbeidet i FOS som inkluderer ny møtestruktur for ein del av gruppene og signert ny intensjonsavtale med HVL.

FOS sin årlege leiarkonferanse vart gjennomført 07.-08.02. på Quality Maritim hotell i Haugesund. Hovudbidraga var frå Statsforvaltaren i Vestland, Anne Berit Emstad og Sølvi Lillejord, medan Sindre Nyborg, rektor ved Sunde skule i Kvinnherad, og Pål Helland, rektor ved Hystad skule på Stord, sto for dei lokale bidraga. Totalt hadde konferansen 195 deltakarar.

FOS er framleis i partnerskap med to ulike universitetsmiljø kring tilskotsordningane «Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage», «Desentralisert ordning for kompetanseutvikling» og «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis». I kompetanseordninga for vaksenopplæringa samarbeider alle FOS-kommunane tett.

Ved skule- og barnehageårets slutt takka Bjørn Håvard Bjørklund for seg som kommunalsjef i Bømlo kommune og vart då også takka av som medlem i styringsgruppa til Forum for oppvekst i Sunnhordland.

Kort oppsummert, kan ein seie at 2023/24 har vore eit år med stabilt aukande aktivitet i FOS.

2 ORGANISASJON

2.1 STYRINGSGRUPPA

FASTE MEDLEM:
Mariann Jacobsen Hilt, Stord
Heidi Anita S. Solheim, Kvinnherad
Elisabeth Nygaard, Sveio- Leiar
André Sæthre, Fitjar
Mona Rasmussen Sævik, Etne- Nestleiar
Bjørn Håvard Bjørklund, Bømlo

Styringsgruppa har dette skuleåret hatt i alt 3 heildagsmøte og 15 korte morgonmøte. Vidare har ein hatt eitt fellesmøte med barnehage- og grunnskulegruppa på Campus Stord 03.11.23. og ein heil felles møtedag 15.03.24. for Styringsgruppa, Grunnskulegruppa, Barnehagegruppa og PPT-gruppa på Soknehuset i Sveio. Gruppa har også hatt enkeltstående møte 06.02. og 03.11. Styringsgruppa har handsama 91 saker. Nestleiar, leiar og utviklingsrettleiar har hatt formøte og førebudd møta.

Gruppa har vidare hatt møte med HVL kring ny partnerskapsavtale og møte med tillitsvalde kring arbeidet med tilskotsordningane. Desse møta vart avvikla 15.03. i Sveio.

Styringsgruppa har samarbeidd med Vestland fylkeskommune kring overgangen til vidaregåande skule og førebygging av fråfall. Ein har hatt møte 17.11. og 04.03. for å planlegga dialogmøte for skuleleiarar i ungdomsskule og vgs. Dialogmøtet vart gjennomført, ein halv dag, 12.03. på Stord hotell.

Styringsgruppa har samarbeidd med Arbeidstilsynet kring førebygging og handtering av vald og truslar i skulen. Gruppa hadde møte med A-tilsynet 17.01. og gjennomførte rettleiingsmøte over ein halv dag for skuleleiarar og HMS-grupper ved skulane 12.03. på Stord hotell.

Fleire medlem av gruppa har delteke på konferansar og samlingar som Erfaringskonferansen i Stavanger 8.-9.11. og Etableiarsamling i Bergen 30.-31.01. Elisabeth Nygaard og Hege H. Steindal deltok på studietur med KS til Aarhus i Danmark.

Saker med ekstra fokus:

- Leiarkonferansen med alle målgrupper samla
- Implementering av ny opplæringslov
- Ny strategi for FOS
- Intensjonsavtale FOS-HVL
- Samarbeid med Arbeidstilsynet kring handtering av vald og truslar i skulen
- Samarbeid med VLFK kring fullføringsreforma
- Kompetanseutvikling for alle målgrupper
- Erfaringsutveksling – læringsøkter

GRUNNSKULEGRUPPA

MEDLEM:
Dagfinn Garnes- Johnsen, Etne
Kristine Sætre , Bømlo- Leiar
Siri M. Erland, Stord
Eva Refvik , Kvinherad- Nestleiar
Mone Nilsen, Fitjar
Petter Steen jr., Sveio

Grunnskulegruppa har hatt 7 ordinære møte og behandla 42 saker. Halvparten av møta har vore fysiske møte, medan halvparten har gått føre seg på teams. Møta 05.12. og 11.06. var delvis saman med Barnehagegruppa. Møtet 02.10. var felles med PPT- gruppa med tema ny opplæringslov. Gruppa var også med på felles leiarmøte 03.11. og 15.03.

Grunnskulegruppa har hatt eitt møte saman med eksamensgruppa og dei har avvikla eitt møte for rektorar/eksamensansvarlege saman med utviklingsrettleiar.

Grunnskulegruppa har også starta opp med morgonmøte ein time i månaden til ad hoc saker. Tre slike har vorte avvikla.

Av viktige saker kan nemnast:

- Implementering av ny opplæringslov
- Eksamensarbeid: Eksamensworkshops for munnlege fag, kurs i vurdering av skriftlege tekstar for faglærarar i engelsk og norsk, møte for eksamensansvarlege med gjennomgang av lokal instruks og avvikling av lokal gitt eksamen
- Nettverk for tilsette i SFO i samarbeid med Svanaug Lunde ved UiS.
- Handlingsplan/møteplan
- Erfaringsdeling

Grunnskulegruppa har hatt ansvaret for arbeidet med implementering av ny opplæringslov. I samband med dette har læringsøktene har vore:

- Rettleiing på kap. 11 i ny lov ved Statsforvaltaren i vestland 07.02.
- Kurs med Kjetil A. Hansen kring kap. 10 i ny opplæringslov 31.05.

Dette arbeidet vil halde fram skuleåret 2024-25 mellom anna i samarbeid med Statsforvaltaren som har signalisert at dei vil komma med ulike tilbod til kommunane.

2.1.1 Undergruppe - Eksamensgruppa

Medlem :

Britt Carine Elisabeth Petit (Bømlo), Thor Gunnar Haaland Bakke, (Fitjar), Anne Hege Rogne (Stord), Linda D. Heimstad (Etne), Suzanne Åbø (Sveio), Trude Sundsteigen (Kvinnherad) og Hege H. Steindal (FOS).

Gruppa har arbeidd med revidering av eksamensinstruks og ymse spørsmål kring lokal gitt eksamen, inkl. evaluering. Ho har hatt eitt digitalt møte 12.09. saman med grunnskulegruppa, og har elles hatt avklaringar på e-post utover året.

2.1.2 Undergruppe - Workshopgruppa

Medlem:

Franny Maria Bøther (Stord), Martine E. Spratt (Stord), Halvor Landmark (Bømlo), Birgitte Drønen Brenne (Fitjar), Janne Ellingsen (Bømlo) og Hege H. Steindal (FOS).

Gruppa har stått for planlegging, gjennomføring og evaluering av workshopar for munnlege sensorar i norsk, matematikk og engelsk, samt kurs i vurdering av skriftlege tekstar i engelsk og norsk. Møta har gått føre seg på Teams. Kursa har vorte gjennomførte på Stord folkehøgskule og HVL Campus Stord.

2.2 BARNEHAGEGRUPPA

MEDLEM :
Mone Nilsen, Fitjar- Nestleiar
Signy Prestnes, Kvinnherad- Leiar
Ragnhild Storebø, Stord,
Dagfinn Garnes-Johnsen, Etne,
Gunnhild Staupe, Sveio
Kristin Skare, Bømlo

Barnehagegruppa har hatt 9 ordinære møte og handsama 57 saker. Halvparten av møta har vore på teams.

På det første fysiske møtet av året, 26.08., vitja gruppa nye Svingen barnehage på Fitjar. Møta 05.12. og 11.06. var heilt eller delvis saman med Grunnskulegruppa, og møtet 09.04. var saman med PPT-gruppa. Tema på sistnemnde var §§31 og 37 i barnehagelova. Gruppa var også med på felles leiarmøte 03.11. og 15.03., og avvika tilsynssamling 30.-31.10.

Av viktige saker kan nemnast:

- Risikovurdering, tilsyn, dialogsamalar og generell oppfølging av ansvaret som mynde.
- Regelverk kring godkjenning av barnehagar, avvikling av barnehagar m.m.
- §31- Rett til spesialpedagogisk hjelp
- §37- Barn med nedsett funksjonsevne
- Kap. 8 i barnehagelova
- Årshjul for barnehagemynde/handlingsplan
- Prioritering av Rekom-midlar (70%)
- Erfaringsutveksling –læringsøker

- Utarbeiding av nettverk i samarbeid med RVTS-Vest på tema «inkluderande praksis». Nettverket vart gjennomført som 4 digitale samlingar (to timar).

Tema for læringsøktene har m.a. vore:

- Tilsynssamling 30.-31.10.
- Delingsmøte med Karmøy kommune 19.03. kring digitale løysingar på barnehagefeltet.

2.3 PPT-GRUPPA

MEDLEM :
Jorunn Sortland, Bømlo- Nestleiar
Marianne Bjørnebøle, Kvinnherad
Jannecke Fjeldtvedt, Stord/Fitjar/Tysnes- Leiar
Erling Ytterøy L'Orange, Sveio/Haugesund/Utsira
Sonja Lærdal, Etne og Vindafjord PPT

PPT-gruppa består i av PP-leiarane i Bømlo, Kvinnherad, Stord, Fitjar og Tysnes og Haugesund, Sveio og Utsira. Etne/Vindafjord deltek når det høver.

Gruppa har hatt 4 ordinære møte dette året. Møta har vore på Teams. Tema har m.a. vore ny opplæringslov, organisering av PP-tenestene.

I tillegg har gruppa hatt:

- Fellesmøte med grunnskulegruppa 02.10. med tema ny opplæringslov.
- Fellesmøte med Barnehagegruppa 09.04. med tema §§31 og 37 i barnehagelova.
- PPT- gruppa deltok også på felles leiarsamling 15.03. i Sveio.

Sentrale tema på møta har vore organisering av arbeidet PPT utfører i kommunane, Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis og ny opplæringslov.

2.4 KULTURSKULEGRUPPA

MEDLEM:
Håvard Kroka, Fitjar, leiar
Kirill Zimin, Kvinnherad
Silje Dyrseth Eide, Kvinnherad
Gareth Whittaker, Stord
Thorbjørn Tveita Reiso, Etne
Pål Jøsok, Sveio
Stein Høyland, Bømlo, nestleiar
Owe Håstø, Bømlo
Yngve Nikolaisen, Tysnes
Audun Alvsåker, Austevoll

Tysnes og Austevoll møter i Kulturskulegruppa sjølv om kommunane tilhøyrar andre kompetanseregionar. Det har vore jamt og godt oppmøte frå deltakarane i gruppa. Kulturskulegruppa har hatt 5 møte og behandla 30 saker.

I august hadde gruppa felles møtedag med Speedadmin. 10.11. var det planlagd felles utviklingsdag med innlegg av Thomas Nordahl. Dessverre avlyste Nordahl i siste liten. Stord og Kvinnherad avvikla i staden felles utviklingsdag med tema «Synleggjering og rekruttering», medan dei andre hadde eigne opplegg.

I skuleåret 23/24 har FOS- kulturskulane vore med på samarbeidsprosjektet «inkluderande kulturskule». Prosjektet er i regi av Stord kulturskule og skal med midlar frå norsk kulturskoleråd, sikre fordjupingstilbod til elevar i distriktskommunane. Det er ei samlingsbasert ordning med deltakarar frå Stord, Kvinnherad og Bømlo. Prosjektet har inkludert besøk av gjesteinstruktørar, samt konsert og felles tur.

Av viktige saker kan nemnast:

- Moster 2024
- Digitale læringsplattformer
- Nedlegging av MDD- linja ved Stord vgs.
- Erfaringsutveksling
- Rekruttering

2.5 VAKSENOPPLÆRINGSGRUPPA

MEDLEM:
Kari Friis, Bømlo- Nestleiar
Steinar Rosset, Stord- Leiar
Marte Bull- Njaa, Etne
Birte Charalambous, Kvinnherad
Bjørn Tore Enerstvedt, Sveio

Vaksenopplæringsgruppa har hatt 7 møte og behandla 35 saker. Møta har gått føre seg på Teams. I samarbeid med Britt Rødal Vikhagen frå Språknøklar arrangerte gruppa utviklingsdag på Stord folkehøgskule den 26.01.24. Denne har me fått gode attendemeldingar på. Gruppa har også sendt tilsette på kursdag i Bergen 15.02., med tema «Migrasjon og traume». Dette var eit framhald av kursdagen i februar 2023. Gruppa planlegg ny kursdag med Språknøklar hausten 2024.

Kari Friis representerer FOS i statsforvaltaren si arbeidsgruppe. Ho har vore på 5-6 digitale møte og eitt fysisk. Hovudfokuset har vore forarbeid og gjennomføring av kursdagen i Bergen kor alle VO- sentra i Vestland var invitert og om lag 300 personar var påmeldt. I tillegg har arbeidsgruppa hatt fokus på å få innspel på kva kompetansebehov VO-sentra i Vestland har og sikre mest mogleg rettferdig fordeling knytt til midlane som kjem frå HK.dir.

Av viktige saker kan nemnast:

- Kompetanseutvikling for tilsette
- Modulbasert opplæring
- Digitale læringsplattformer
- Eksamensavvikling
- Erfaringsdeling

3 TILTAK

3.1 RUTINETILTAK

Gjeld Styringsgruppa og alle undergrupper:

Kortingar: S= styringsgruppa, B= barnehagegruppa, G=grunnskulegruppa, E= Eksamensgruppa, PPT=Leiarforum PPT, VO= Vaksenopplæringsgruppa K= Kulturskulegruppa

Nr	Rutinetiltak	Ansvar	Kommentar	Gjennomført ja/nei
1.	Tilsyn	B	Revidera verktøy, organisera, gjennomføra og følgja opp. Revidering har vorte gjennomført. Resten har det ikkje vore behov for.	Ja
2.	Kompetanseutvikling inkl. lærande nettverk, workshops m.m.	S/B/G/ PPT/K/ VO	Læringsøkter Leiarkonferanse Eksamensworkshops Vurderingskurs Kursrekke i inkluderande praksis Kursdag for tilsette i SFO Kursdagar innan VOKSKOM-ordninga Kursdag med KS-konsulent Rettleiing A-tilsynet Dialogsamling VLFK	Ja
3.	Munnleg eksamen	G/E	Organisera munnleg eksamen i regionen. Forbetring av instruks og kurs/workshop. 85 sensorar tildelt.	Ja
5.	SFO i FOS	G	Ei nettverkssamling gjennomført. Nytt samarbeid med HVL under utarbeiding.	Ja
7.	Fellesmøte alle leiarforum	S	Til vanleg eitt fast møte i februar	Ja
8.	Leiarkonferansen	S/G/B	Planleggja og gjennomføra ei leiarsamling for målgruppene pr. år. 195 deltakarar.	Ja
9.	Samarbeid med HVL	S	Evaluering/revidering av intensjonsavtalen.	Ja

10.	Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis	S/B/G/PPT	Oppfølging og vidareutvikling. Kompetanseheving av PPT, leiarar og tilsette. Arbeid med ny modell.	Ja
11.	Dekomp	S	Samarbeid med HVL og NLA	Ja
12.	Rekom	S/B	Samarbeid med HVL og NLA	Ja
	Vokskom	VO	Søkja VOKSKOM- midlar og gjennomføra nettverk for tilsette i vaksenopplæringa. Avtale med Språknøklar. Ei samling gjennomført i FOS og deltaking på ei samling i fylket.	Ja

3.2 NYE TILTAK

Kortingar: S= styringsgruppa, B= barnehagegruppa, G= grunnskulegruppa, E= Eksamensgruppa, PPT=Leiarforum PPT, VO= Vaksenopplæringsgruppa, K=Kulturskulegruppa

Nr.	Tekst	Ansvar	Kommentar	Gjennomført ja/nei
1.	Intensjonsavtale med HVL	S	Ferdigforhandla og signert.	Ja
2.	Strategi for arbeidet i FOS	S	Plan for funksjon og aktivitet i FOS dei neste åra.	Ja
3.	Rettleiing med Arbeidstilsynet	S	E-læring og rettleiingssamling kring vald og trugslar i skulen for rektorar og HMS-grupper.	Ja
4.	Samling med Vestland fylkeskommune	S	For rektorar ved ungdomsskular og vidaregåande skular. Tema- Samarbeid med bakgrunn i fullføringsreforma.	Ja
5.	Kursrekke kring inkluderande praksis	B	Kurs med tema inkluderande praksis gjennomført i samarbeid med RVTS-Vest.	Ja
6.	SFO-nettverk	G	Samling gjennomført ein halv utviklingsdag i januar. Nye planar på gong med HVL for hausten 2024.	ja
7.	Kurs i skriftleg vurdering av tekst.	G	Gjennomført for faga Engelsk og Norsk	Ja
8.	Møte for eksamensansvarlege	G	Møte for rektorar/eksamensansvarlege ved ungdomsskulane med gjennomgang av rutinen og spørsmålsrunde.	Ja
9.	Kurs med KS-konsulent	G	Kap. 10 i ny opplæringslov.	Ja

3.3 FASTE RUTINAR/SAMARBEIDSFORA

Vurdering av drifta i forhold til handlingsplanen:

Statsforvaltaren i Vestland		
Tiltak	Kommentar	Gjennomført ja/nei
Faste kontaktmøte både på skule og barnehage.	Nestleiar, Mona Rasmussen Sævik, har møtt i Samarbeidsforum. Utviklingsrettleiar har også møtt.	Ja
Økonomisk støtte til prosjekt for 2023.	DEKOMP: 1 162 732,- Kompetanseløftet: 1 131 690,- (971 366,- pluss ekstrautbetaling på 160 324,-) REKOM (30%-midlane): 860 922,- VOKSKOM: 161 508,- (138 551,- pluss ekstrautbetaling på 22 957,-)	Ja
Invitera Statsforvaltaren til minst eitt møte i Styringsgruppa.	Statsforvaltaren deltok på Leiarkonferansen i februar og arrangerte Etableiarsamling i samarbeid med KS 03.-31.01. der kommunalsjefane og barnehagemynda var inviterte.	Ja

Høgskulen på Vestlandet (HVL):		
Tiltak	Kommentar	Gjennomført ja/nei
Følgja opp Intensjonsavtalen	Ny intensjonsavtale er signert.	Ja
Samarbeid kring tilskotsordningane	Fitjar, Stord og Sveio (+Tysnes).	Ja
Samarbeid kring nettverk for tilsette i SFO	HVL startar opp nytt bachelor tilbod for SFO. FOS samarbeider med denne avdelinga kring eit tilbod for våre tilsette. Oppstart august - 24.	Nei
«Ung lærar»- eit rekrutteringsprosjekt	HVL har hovudansvaret no.	Ja
Nettverk for nyttilsette pedagogar i barnehage og skule	Tilbod under utarbeiding	Nei

Norsk lærerakademi (NLA):		
Tiltak	Kommentar	Gjennomført ja/nei
Følgja opp arbeidet med ny samarbeidsavtale	Ny avtale er utarbeidd.	Ja
Samarbeid kring tilskotsordningane	Bømlo, Etne og Kvinnherad.	Ja

Vestland Fylkeskommune:		
Tiltak	Kommentar	Gjennomført ja/nei
Delta i samarbeid rundt Fullføringsreforma.	Fleire møte og ei samling for einingsleiarar i ungdomsskulen med fylkeskommunen kring samarbeid om å auka fullføringsprosenten i vidaregåande opplæring.	Ja

Syns og audiopedagogisk teneste i Hordaland (SAPT):		
Tiltak	Kommentar	Gjennomført ja/nei
Representera FOS i styret (styremedlem)	André Sæthre har representert FOS.	Ja
Representantskapsmøte	Kommunalsjefane deltok 23.05.	Ja

KS		
Tiltak	Kommentar	Gjennomført ja/nei
Arbeidsutvalsmøte for Kommunalsjefnettverket i Vestland	Leiar av styringsgruppa har møtt i AU. Dette var Elisabeth Nygaard.	Ja
Nettverksmøte for regional administrasjon	Utviklingsretteleiar har møtt i nettverk for regional administrasjon.	Ja
Studietur Aarhus	Elisabeth Nygaard (leiar) og Hege Steindal (utviklingsretteleiar) deltok frå FOS.	Ja
Etatleiarssamling i Bergen	Alle kommunane deltok	ja

4. KURS OG KVALITETSUTVIKLING

Kommunane har sjølve organisert utviklingsdagar dette barnehage- og skuleåret. I arbeidet med Kompetanseløftet har Fitjar, Stord og Sveio, saman med Tysnes, hatt felles digital utviklingsdag 26.01., medan dei andre tre kommunane har hatt egne opplegg.

FOS sin årlege leiarkonferanse vart gjennomført 07.-08.02. på Quality Maritim hotell i Haugesund. Hovudbidraga var frå Statsforvaltaren i Vestland, Anne Berit Emstad og Sølvi Lillejord, medan Sindre Nyborg, rektor ved Sunde skule i Kvinnherad, og Pål Helland, rektor ved Hystad skule på Stord, sto for dei lokale bidraga. Statsforvaltaren hadde to parallelle sesjonar, ein for barnehage og ein for skule. Fokuset var på kap. 11 i ny opplæringslov og spesialpedagogisk hjelp i barnehage. Anne Berit Emstad tok opp kvalitetsutvikling og profesjonsfelleskap med fokus på korleis ein skapar varig endring. Sølvi Lillejord tok føre seg fleire tema. Ho snakka for det første om arbeidet i ekspertgruppa for skolebidrag og peika mellom anna på handlingsmønster gruppa fann mellom skular med høgt og lågt skulebidrag. I siste del av innlegget tok Lillejord opp tilskotsordningane og kva for høve desse gir barnehagar og skular som ønskjer å driva kunnskapsutvikling i partnerskap mellom UH-institusjonar og praksisfeltet. Sindre Nyborg hadde eit innlegg om korleis ein kan vidareutvikle tiltak for å auka elevane sine moglegheiter for medverknad og Pål Helland tok føre seg erfaringar med bruk av pedagogisk analyse som analysegrunnlag for tiltak i aktivitetsplan i arbeidet med skulemiljøsaker. Totalt hadde konferansen 195 deltakarar.

Kurs/nettverk/workshops		Tal	Deltakarar	Merknader
Eksamensworkshops	S	3	64	Norsk/Samf.fag./Krlr, Matte/naturfag og 2.framandspråk/eng.fordjuping.
Kurs i skriftleg vurdering av tekstar	S	2	53	Engelsk og Norsk
Møte med rektorar/eksamensansvarlige	S	1		Gjennomgang av eksamensrutinen
Utviklingsdagar V.O.	VO	1	34	I samarbeid med Språknøklar
Utviklingsdag med Vestland for V.O.	VO	1	52	Del to med tema- Traume
Utviklingsdagar Kulturskule	K	1		Kvinnherad og Stord
Utviklingsdagar skule/bhg.	S/BHG	4		Kommunane organiserte sjølve utviklingsdagane.

4.1 Kursdeltakarar fordelt på kommunar

Leiarutvikling			
Tekst	Tal	Tal deltakarar	Merknader
Leiarkonferansen 07. og 08. februar	1	195	Leiarkonferansen – 2 dagar ligg inne i tala – Alle målgrupper
Dialogmøte med VLFK	1	28	Rektorar
Rettleiing med A-tilsynet	1	161	Leiargrupper, HMS-ansvarlege, tillitsvalde og verneombod.
Kurs i kap. 10 og 11 i ny Opplæringslov	2	79	Kurs med KS konsulent 31.05. og innlegg frå Statsforvaltaren på Leiarkonferansen.

Deltakaroversikt eksamensworkshops 2024 pr. kommune				
Kommune	Samf.f./Krlr/Norsk	Framanspr./Engford.	Matte/nat.fag	Sum pr. kommune
Bømlo	2	2	0	4
Etne	5	1	3	9
Fitjar	3	4	3	10
Kvinnherad	3	3	6	12
Stord	7	4	12	23
Sveio	2	2	2	6
Sum pr. fag	22	16	26	64

Kurs i vurdering av skriftlege tekstar			
Deltakarar på kurs etter kommune			
	Norsk	Engelsk	Samla
Bømlo	5	5	10
Etne	3	1	4
Fitjar	3	2	5
Kvinnherad	11	11	22
Stord	4	3	7
Sveio	3	2	5
Sum	29	24	53

Leiarkonferansen 2024	
Kommune/aktør	Deltakarar
Bømlo	37
Etne	8
Fitjar	11
Kvinnherad	39
Stord	45
Sveio	17
PPT Haugesund m.fl.	18
PPT Stord m.fl.	8
Andre	12
SUM Deltakarar	195

4.2 Vurdering

Mykje av arbeidet med kompetanseheving er knytt til tilskotsordningane; «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis» (PPT, barnehage og skule), Dekomp (skule) og Rekom (barnehage). Men i FOS har ein framleis ein del kompetanseheving for felles. Dette gjeld mellom anna den årlege leiarkonferansen og andre leiarsamlingar med Arbeidstilsynet, statsforvaltar og andre. VOKSKOM vert framleis drive regionalt og me held på å utarbeide eit felles tilbod for tilsette i SFO og for nyttilsette pedagogar i skule og barnehage.

Sveio , 01.07.2024
Hege H. Steindal
Utviklingsleiar i FOS